

# Har gått frå langtidsledige til å bli faglærte i betongfaget



LÆREVILJUGE: Kurset har med deltakarar i alle aldrar. Frå venstre Jannis Tetenborg (19) og Gert Augustsson (49) Foto: Hans Wilhelm Gullestad

Av [Rita Iren Hestad](#)

Publisert: 16. september 2017, kl. 09:49

FØRDE: Dei har gått arbeidsledige lenge. Fire veker kurs og praksisplass skal hjelpe på vegen inn att i arbeidslivet.

DEL

- 
- 

## [Lokale nyheiter - 5 kr for 5 veker](#)

I Førde tekniske Fagskule sine lokale sit ein gjeng i djup konsentrasjon med blikket retta mot ei grøn tavle. Der står opplæringskonsulent Tron Ivar Søvde i Byggopp Sogn og Fjordane. Han pratar i veg om Pythagoras, diagonalar, volum og armering.

– Ein må kunne rekne, spesielt ved armeringsarbeid. Legg ein armeringa feil med berre ein centimeter kan levetida på bygget reduserast med 50 år, i verste fall, åtvarar han.

Framfor seg har han ti menn i ulike alder som av forskjellige grunnar har gått arbeidsledige lenge. I eit samarbeid mellom NAV og Byggopp får dei no tilbod om betongfagkurs, følgt av praksisplass hos ein entreprenør.



REALFAG: Tron Ivar Søvde undervisER kursdeltakarane i blant anna matematikk. Foto: Rita Iren Hestad

I løpet av fire veker har dei mellom anna hatt varmearbeidarkurs, verktøyopplæring og HMS- kurs. I dag er siste kursdag.

## **Takkar ikkje nei til gratis utdanning**

– Eg skulle gjerne sett at kurset varte lenger, seier Gert Augustsson.

Han er opphavleg frå Sverige og jobba som overflatebehandlar og målar i over 15 år, før han mista jobben. Han har budd og jobba i Norge sidan 1986. Då han fekk tilbod om kurset via NAV, takka han ja med ein gong.

– Det har vore vanskeleg å få jobb, så då takkar ein ja til det ein får.

Augustsson er takknemleg for å ha lært eit nytt fag, og meiner at ein ikkje kan takke nei til gratis utdanning, sjølv om ein ikkje veit noko om det frå før.

## Endå mykje å lære

Opplæringa er ei blanding av teori og praksis. Lokala lånar dei av Førde tekniske Fagskule og ein del utstyr frå Åsen og Øvrelid AS. Tron Ivar Søvde meiner at utan denne støtta hadde det vorte vanskeleg å få til kurset.



VERKTY: Tron Ivar Søvde syner ein app for matematiske utrekningar, denne kan kome godt med i praktisk arbeid. Foto: Rita Iren Hestad

– Ein greier ikkje å lære alt på ein månad, men eg prøver å gje dei ei grunnleggjande forståing for faget. Eg håpar og bedriftene vil ha forståing for at det framleis vil vere litt å lære når dei skal ut i praksis, seier Søvde.

Han tek seg god tid til å forklare. Kursdeltakarane er ikkje redde for å stille spørsmål eller be om at ting vert teke opp att. I tida dei har vore saman har dei blitt ein samansveisa gjeng.



eNGASJERT: Kurset held til i Førde Tekniske Fagskule sine lokale. Farhad Tahooni Kivi (til venstre) engasjerer seg i utrekningane Søvde legg fram.  
Foto: Rita Iren Hestad

– I praksis er det mykje ord og uttrykk som er viktige at dei kan, så i dag skal vi leike ordspelet «hangman» for å repetere.

## Arbeidsmarknaden avgjer kursa

Arne Varden i NAV Flora seier at arbeidet med å finne praksisplass til kursdeltakarane startar komande veke. No når betongfagkurset er ferdig, vert det kvar enkelt sin rådgjevar i den enkelte kommune sitt ansvar å følgje deltakaren vidare.

– Kontakten med bedriftene rundt om i fylket er nøkkelen til suksess, Byggopp skal ha ros for deira arbeid, seier Varden



Tron Ivar Søvdde (frå venstre) og Arne Varden feira siste kursdag saman med deltakarane Foto: Rita Iren Hestad

– Det er arbeidsmarknaden som avgjer kva kurs vi set i gong, denne gongen satsa vi på betongfagkurset. Vi har også gåande eit buss- og lastebilkurs.

Han håpar bedriftene som tek inn kursdeltakarane i praksis vil ha nok jobb til å tilsette dei fast. Det vil no bli gjort ei evaluering av korleis kurset gjekk, før ein eventuelt set i gong nye betongfagkurs, men Varden meiner at ein til sjuande og sist har lukkast med kursa.



God stemning på siste kursdag. Frå venstre: Tron Ivar Søvde, Arne Varden, Anders Årdal, Marius Molander Huseby, Gert Augustsson, Jannis Tetenborg, Samer Idden og Farhad Tahooni Kivi Foto: Rita Iren Hestad

## Steg i riktig retning

Per Rune Kårstad ved Førde Sementvare tok onsdag denne veka i mot kursdeltakarane for eit bedriftsbesøk. Han meiner det er eit positivt tiltak som kan gjere det lettare å få folk i arbeid. Kårstad håpar kurset kan inspirere til vidare utdanning og vekke interesse for faget.

– Anten dei har litt bakgrunn i faget frå før eller er heilt ferske i dette, så er det eit steg i riktig retning, seier han.

**Lik Firda på Facebook**